



Lag og organisasjonar i Alver kommune

05.06.2019

## Kultur- og aktivitetsprogrammet for Alver kommune – siste utgåve 2019

Tusen takk til alle som har bidratt med arrangement og aktivitetar til kultur- og aktivitetsprogrammet for Alver kommune så langt! No inviterer me til å melda inn arrangement til siste utgåve i 2019.

### Melda inn arrangement og aktivitetar til kultur- og aktivitetsprogrammet

Den siste utgåva av kultur- og aktivitetsprogrammet gjeld for perioden september-desember. Frist for å melda inn arrangement er sett til 22. juli, og skjema for innmelding finn de på denne sida: <https://alverkommune.no/2019/03/25/aktivitets-og-kulturprogrammet-for-alver-kommune-januar-2019-januar-2020/>

Arrangement som skal vera med i programmet skal oppfylle minst eitt av følgjande kriterium:

- Vera eit samarbeid mellom aktørar i dei tre kommunane
- Vera ei arrangementsrekke med arrangement i dei tre kommunane
- Vera eit arrangement med storleik eller tematikk som gjer at heile Alver er nedslagsfelt

### Nynorskdagar og Alverdagen

Som ein del av kultur- og aktivitetsprogrammet arrangerer me i haust Nynorskdagar i Alver og Alverdagen. Nynorskdagane vert arrangert i perioden 13.-22. september, og skal bidra til å løfta fram og feira nynorsken i Alver. Alverdagen, som vert arrangert 19. oktober i Knarvik arena, skal vera ein møteplass for heile den nye kommunen der frivilligheit, aktivitet og det gode liv i Alver skal vera i fokus. Her ynskjer me at lag og organisasjonar i det som vert Alver kommune stiller med utstillingar («stands») der de kan presentera dykk. I tillegg til utstillingar vert det fleire kulturinnslag, aktivitetar og sal av mat. Meir informasjon kjem snart.

### Søkja tilskot til arrangement?

Lag, organisasjonar og andre kulturaktørar kan òg søkja midlar til arrangement som skal inn i kultur- og aktivitetsprogrammet. Frist for å søkja om tilskot er 16. juni.

Søknadsskjemaet finn de på denne sida: <https://alverkommune.no/2019/03/26/sok-tilskot-til-kulturarrangement-og-aktivitetar-i-alver-2019/>

### Spørsmål?

Har de spørsmål til kultur- og aktivitetsprogrammet i Alver, ta kontakt med leiar for kulturprogramgruppa Bente K. Hervik tlf. 56 34 90 12 / 99 24 54 69, e-post: [bente.hervik@radoy.kommune.no](mailto:bente.hervik@radoy.kommune.no) eller kulturavdelinga i din kommune.

---

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ  
Tlf. 56 37 50 00  
[postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no)

Meland kommune  
Havnevegen 41  
5918 FREKHAUG  
56 17 10 00  
[postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no)

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER  
Tlf. 56 34 90 00  
[postmottak@radoy.kommune.no](mailto:postmottak@radoy.kommune.no)

Med venleg helsing

Eirik Bouwer Utne  
Kultursjef  
Alver kommune

Bente K. Hervik  
rådgjevar kultur  
Radøy kommune

---

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ  
Tlf. 56 37 50 00  
[postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no)

Meland kommune  
Havnevegen 41  
5918 FREKHAUG  
56 17 10 00  
[postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no)

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER  
Tlf. 56 34 90 00  
[postmottak@radoy.kommune.no](mailto:postmottak@radoy.kommune.no)